



Thomas Brekkuhus

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/171 - 23/2917

Saksbehandlar:

Jo Bjarte Tømmerbakke

jo.tommerbakke@modalen.kommune.no

Dato:

18.10.2023

Buss for vidaregåande elevar

Hei Thomas,

Takk for innspel ang skyss til vidaregåande skule for elevar frå Modalen.

Utfordringa du tek opp er frå tidlegare år godt kjend både blant politikarar og administrasjonen i kommunen, og kommunen har fleire gonger dei seinare åra forsøkt å få Skyss til å endre bussrutene slik at dei skal korrespondere betre for elevar frå Modalen. Dette vil vi arbeide vidare med, sjølv om ein ikkje har lukkast med å få til endringar så langt.

Tidlegare i år sendte kommunen dette innspelet til Vestland fylkeskommune som har ansvaret for skuleskyss til vidaregåande skular:

Skuleskyss og lokale ruter

I Modalen kommune er rutetilbodet stort sett i samband med skuleskyss og då mest i retning Knarvik for elevar som pendlar dagleg. Dei dagane det er skulefri/ferie vert kollektivtilbodet sterkt redusert då desse bussane ikkje går. Modalen kommune vil understreke behov for at desse rutene kan køyrast alle kvardagar.

Det som kanskje er den største utfordringa i dag er at korrespondanse mot kollektivknutepunkt er alt for dårleg. Dette gjeld spesielt for vidaregåande elevar i Knarvik og Voss.

Elevar må vente utandørs i inntil 45 minuttar på Ostereidet eller Romarheim.

Same problem oppstår for dei som er elevar på vidaregåande skular i Voss Herad. Her er det manglande korrespondanse mot tog til/frå Dale stasjon i Vaksdal kommune.

Vestland fylkeskommune har eit ansvar for skuleskyss, det bør være mogleg å gå i dialog med busselskapa for å få til gode løysingar for elevar som alt har ein utfordrande kvardag med lang reise til skulen, eller at dei må flytte på hybel i ung alder. Dersom busstilbodet korresponderer vil det gjere kvardagen enklare, ikkje berre for dei unge, men også flyktningane som må ta kollektiv for norskopplæring.

Med helsing

Jo Bjarte Tømmerbakke

Rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Mottakere:

Thomas Brekkhus